HORDALAND FYLKESKOMMUNE

OPPLÆRINGSAVDELINGA
Fellestenester - OPPL AVD

# Notat

Dato: 05.11.2019
Arkivsak: 2019/685-14
Saksbehandlar: birhau

| | |
|---|---|
| **Til:** | Kontrollutvalet |
| **Frå:** | Fylkesrådmanne |

## Handlingsplan -vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular

Fylkestinget fatta i sak 26/19 i juni vedtak om oppføging av forvaltningsrevisjon –vurdering av ordninig for finansiering av spesialundervisning i friskular – Revisjonsrapport slikt vedtak:

*«På bakgrunn av rapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:*

*1. Sikre at berekning av «pott» til refusjon av kostnader til spesialundervisning ivaretek krav om likebehandling og krav om at berekninga av midlar til spesialundervisning skal vere relatert til talet elevar med spesialundervisning. I dette ligg det også at det må vurderast om måten å berekne «potten» på er den rette, då noverande berekningsmodell ikkje sikrar likebehandling.*

*2. Utarbeide skriftlege retningsliner og rutinar som skildrar modellen som blir nytta, prosessen med berekning av refusjon til skulane, eventuelle kompenserande tiltak mv.*

*3. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 04.11.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen må også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.*

*4. Fylkesrådmannen gjer ei ny vurdering av innkomne krav for refusjon av utgifter til spesialundervisning i perioden frå fylkeskommunen endra modellen for refusjon av utgifter til spesialundervisning. Gjennomgangen skal gjerast med sikte på å eventuelt tilbakebetale manglande utgiftsdekning for friskolane.»*

Fylkesådmannen har utarbeida handlingsplan for arbeidet.

| Funn i rapport | Oppfølging | Ansvarleg | Frist |
|---|---|---|---|
| 1.Sikre at berekning av «pott» til refusjon av kostnader til spesialundervisning ivaretek krav om likebehandling og krav om at berekninga av midlar til spesialundervisning skal vere relatert til talet elevar med spesialundervisning. I dette ligg det også at det må vurderast om måten å berekne «potten» på er den rette, då noverande berekningsmodell ikkje sikrar likebehandling. | 1. Utarbeide ny modell basert på tal timar med spesialundervisning totalt. Dette må gjerast som ein de av arbeidet med ny budsjettmodell for skulane.<br>2. Felles budsjettpost for offentlege skular og friskular. | Fylkesdirektør opplæring | 20.06.20<br><br>Budsjett 2020 |
| 2. Utarbeide skriftlege retningsliner og rutinar som skildrar modellen som blir nytta, prosessen med berekning av refusjon til skulane, eventuelle kompenserande tiltak mv. | 1. Lage rutineskriv som distribuerast til friskulane i VLFK,<br>2. Invitere til fagsamling med friskulane, avdeling for opplæring og kompetanse og rettl.tenestene, Fylkesmannen vert og invitert til samlinga. | Fylkesdirektør opplæring | 01.01.20<br><br>April 2020 |
| 3. Syta for at tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune. | 1. Del av budsjettarbeidet for 2020 i opplæringssektoren. | Fylkesdirektør opplæring | Budsjett 2020 |
| 4. Fylkesrådmannen gjer ei ny vurdering av innkomne krav for refusjon av utgifter til spesialundervisning i perioden frå fylkeskommunen endra modellen for refusjon av utgifter til spesialundervisning. Gjennomgangen skal gjerast med sikte på å eventuelt tilbakebetale manglande utgiftsdekning for friskolane. | 1. Oversikt over underviste timar friskular<br>2. Lage «modell» for gamle saker med utgangspunkt i timetal spesialundervisning og utbetaler eventuell differanse til friskulane. | Fylkesdirektør opplæring | 15.10.19<br><br>20.11.19 |